



Dugnadsinnsats i skråningen mellom grusbana og Geilo, der det skal byggjast ut ymse aktivitetstilbod

Arbeidet med planen for grusbana med omgjevnad går vidare og det siste som har skjedd er at det er halde eit møte mellom kommunen og idrettslaget om utbyggjinga, Der vart det avtala at idrettslaget skulle melda tilbake korleis dei ynskte å arbeide vidare med prosjektet.

Grappa som arbeidar med saka har no drøfta ho med styret i idrettslaget og konklusjonen er at idrettslaget kan ynskje å byggja ut anlegget i eit offentleg-privat samarbeid i eitt eller to byggjesteg.

Laget konkluderer førebels med at det vil arbeide vidare med å ferdigstill dei ulike prosjekta med teikningar, kostnadsoverslag med vidare og vil arbeide med innsamling av eigne midlar.

Laget bed om at prosjekta vert tekne inn i kommunen sin handlingsplan for slike anlegg og at laget vert prioritert i kommunen sitt investeringsbudsjett.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen